DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjemøtet 2015

# KYRKJEMØTET 2015
informasjon til pressa

## *Velkomen til Kyrkjemøtet!*




*Årets Kyrkjemøte-plakat*

**Pressa er velkomen til Kyrkjemøtet 2015. Møtet vert i år halde i Trondheim 9.- 15. april.**

Opningsgudstenesta er i Nidarosdomen kl. 13.00, 9. april. Opningsmøtet og generaldebatten finn stad i Erkebispegården kl. 15.00 same dag. Resten av Kyrkjemøtet er på Hotell Scandic Nidelven.

Hovudtema for Kyrkjemøtet 2015 er helse og kyrkje, med overskrifta ***"Det gode livet".***

Sakspapira til Kyrkjemøtet er lagde ut på nettet her: http://kirken.no/km2015
Her blir også vedtak, manus til innlegg, bilete og nyhetsmeldingar lagde ut undervegs i Kyrkjemøtet.

Dei fleste plenumssamlingane på Kyrkjemøtet blir direktesende på web-tv her: http://kirken.no/km2015. Etter direkteoverføringane blir opptaka tilgjengelege same stad.

På dei neste sidene følgjer sakslista for Kyrkjemøtet og ein kort omtale av ein del av sakene. Programoppsett og deltakaroversikt ligg òg ved.

Plenumssesjonane på Kyrkjemøtet er opne for publikum og presse.
I plenumssalen er det sett av presseplassar.

Med venleg helsing

Kommunikasjonsavdelinga i Kyrkjerådet med ansvar for pressetenesta under Kyrkjemøtet:
- kommunikasjonsdirektør Ingeborg Dybvig, mob.tlf. 47 48 16 06, e-post: id933@kirken.no
- seniorrådgjevar Siv Thompson, mob.tlf.: 48 24 82 54, e-post: st362@kirken.no
- seniorrådgjevar Gunnar Westermoen, mob. tlf.: 48 99 12 06, e-post: gw376@kirken.no

# PROGRAMSKISSE FOR KIRKEMØTET 2015 (pr. 20. mars 2015)

| Torsdag 9. april | Fredag 10. april | Lørdag 11. april | Søndag 12. april | Mandag 13. april | Tirsdag 14. april | Onsdag 15. april |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 08.45 Morgenbønn | 08.45 Morgenbønn | | 08.45 Morgenbønn | 08.45 Morgenbønn | 08.30 Gudstjeneste i Vår Frue kirke |
| | 09.00-10.30 Plenum | 09.00-10.30 Plenum | 09.00-10.30 Plenum<br>*Sak 15/15 Kirkebygg (komite E)*<br>*Sak 12/15 KMs forretningsorden (komite F)* | 09.00-10.30 Plenum<br>*Sak 5/15 Liturgisk musikk (komite A)*<br>*Sak 16/15 Regler for bruk krk (komite E)*<br>*Sak 18/15 Regler for bruk av klokker (komite E)* | 09.00-10.30 Plenum<br>*Sak 15/15 Kirkebygg (komite E)*<br>*Sak 5/15 Liturgisk musikk (komite A)*<br>*Sak 14/15 Samisk menighet (komite F)* | 09.30-10.30 Plenum<br>*Sak 4/15 Kirkens grunnlag (komite D)*<br>*Sak 17/15 Liturgisk inventar (komite E)*<br>*Sak 11/15 Behov for lovgivning Dnk (komite D)* |
| | 10.30 -11.00 Kaffe | 10.30 -11.00 Kaffe | | 10.30 -11.00 Kaffe | 10.30 -11.00 Kaffe | 10.30 -11.00 Kaffe |
| | 11.00 - 13.00<br>Komite | 11.00 - 13.00<br>Komite | 11.00 Gudstjeneste<br>Nidarosdomen<br>Bakke kirke<br>Lademoen kirke | 11.00 - 13.00 Plenum<br>*Sak 6/15 Vigsling kantor (komite A)*<br>*Sak 7/15 Undervisnings-tjenesten (komite B)* | 11.00 - 13.00 Plenum<br>*Sak 8/15 Statsbudsjettet (komite B)*<br>*Sak 10/15 Et tydelig skille (komite D)* | 11.00 - 13.00 Plenum<br>*Sak 7/15 Undervisnings-tjenesten (komite B)*<br>*Sak 6/15 Vigsling kantor (komite A)* |
| 13.00<br>Åpningsgudstjeneste<br>Nidarosdomen | 13.00 - 15.00 Lunsj | 13.00 - 15.00 Lunsj | 13.00 - 15.00 Lunsj | 13.00 - 15.00 Lunsj | 13.00 - 15.00 Lunsj | 13.00 - 14.00 Lunsj |
| 14.30 Kaffe mm<br>15.00 Åpningsmøte i Erkebispegården<br>- Øysteinsalen | 15.00 - 16.30<br>Komite | 15.00 - 17.00<br>Komite | 15.00 - 16.30 Plenum<br>*Sak 8/15 Statsbud-sjettet (komite B)*<br>*Sak 11/15 Behovet for lovgivning om Dnk (komite D)* | 15.00 - 17.00<br>Kirkemøtets hovedtema:<br>Det gode livet<br>- Kirke, helse og livsmestring | 15.00 - 16.30 Plenum<br>*Sak 9/15 Kirke-Helse (komite C)*<br>*Sak 16/15 Bruk av kirken (komite E)*<br>*Sak 13/15 Døvemenig-hetene (komite F)* | 14.00 – 15.30 Plenum<br>*Sak 9/15 Kirke-Helse (komite C)*<br>*Sak 14/15 Samisk menighet (komite F)* |
| 17.00 Generaldebatt | 17.00 - 19.00<br>Komite | 17.00 - 19.00 Plenum<br>*Sak 4/15 Den norske kirkes grunnlag (komite D)* | 17.00 - 19.00<br>Komite | 17.15 - 19.00 Plenum<br>*Sak 10/15 Et tydelig skille (komite D)*<br>*Sak 17/15 Liturgisk inventar (komite E)* | 17.00 - 19.00<br>Komite | |
| 19.00 Middag | 19.00 - 20.30 middag | 19.00 - 20.30 middag | 19.00 - 20.30 middag | 19.00 - 20.30 middag | 19.00 - 20.30 middag | |
| | 20.30- 22.00 Komite | Kulturkveld<br>I Vår Frue kirke | 20.30- 22.00 Komite | 20.30- 22.00 Komite | 20.30- 22.00 Komite | |

# Sakslista

(*Hovudtema:* ***Det gode livet*** *- kyrkje, helse og livsmeistring*)

KM 01/15 Innstilling fra protokollkomiteen

KM 02/15 Valg og oppnevninger
1. Valg av dirigentskap for møtet
2. Valg av tellekorps
3. Supplerende fordeling av medlemmer på Kirkemøtets komiteer
4. Valg av komitéledere for møtet
5. Valg av nominasjonskomite for KM 2016-2020

KM 03/15 Orienteringssaker
1. Protokoll fra Ungdommens kirkemøte 2014
2. Årsmelding fra de sentralkirkelige råd 2014
3. Protokoll fra Bispemøtet 2014
4. Årsmelding fra Sjømannskirken/Norsk kirke i utlandet 2014
5. Årsmelding fra Døvekirkenes fellesråd og Døveprosten 2014
6. Tilstandsrapport for Den norske kirke 2014
7. Klimamelding for Den norske kirke
8. Oppnevning til økumeniske organisasjoner
9. Samstyring i ubalanse

KM 04/15 Den norske kirkes grunnlag

KM 05/15 Utprøving av liturgisk musikk

KM 06/15 Vigsling og liturgisk drakt for kantor

KM 07/15 Undervisningstjenesten i Den norske kirke

KM 08/15 Statsbudsjettet 2016. Tilskuddsforvaltning

KM 09/15 Kirke og helse

KM 10/15 Staten og Den norske kirke – et tydelig skille. Høring

KM 11/15 Det fremtidige behovet for lovgivning om Den norske kirke – Stortingets rolle i kirkestyret

KM 12/15 Mindre endringer i regelverk vedtatt av Kirkemøtet

KM 13/15 Forskrift om ordning for døvemenigheter og døveprestetjenesten

KM 14/15 Opprettelse av samisk menighet i sørsamisk språkområde - permanent ordning

KM 15/15 Prinsipper for kirkebygg

KM 16/15 Regler for bruk av kirkene

KM 17/15 Regler om liturgisk inventar og utstyr

KM 18/15 Regler for bruk av kirkens klokker

---

# Hovedpunkt i programmet:

**Torsdag 9. april**
Kl. 13.00 Opningsgudsteneste i Nidarosdomen.
Liturgar: preses i Bispemøtet, Helga Haugland Byfuglien og domprost Ragnhild Jepsen.
Preike: Biskop Per Arne Dahl.
Dans ved elever frå Katta til musikk av Frode Fjellheim. Sang av Domkirkens jentekor.

Kl. 15.00 Opningsmøte i Øysteinsalen i Erkebispegården
Introduksjon til hovedtemaet Kyrkje og helse v/ Hege Merakerås.
Velkomst v/ direktør i Kyrkjerådet, Jens-Petter Johnsen.
Tale ved leiar i Kyrkjerådet, Svein Arne Lindø.
Sang v/ Knut og Helga Johanne Størdal.
Tale ved statsråd Thorhild Widvey.
Helsing v/preses i Bispemøtet, Helga Haugland Byfuglien.
Helsing v/ ordførar i Trondheim, Rita Ottervik.

Kl. 17.00 Generaldebatt i Øysteinsalen i Erkebispegården.

**Laurdag 11. april**
Ca. kl. 20.30 Kyrkjemøtet er invitert til kulturkveld i Vår Frue kyrkje i Trondheim. Smakebiter frå programmet for Olavsfestdagane for 2015. Vokaljazz-ensemblet Trondheim Voices (bilete), soloartist Siri Gjære, diktlesing av Ingrid Stormoen og Ivar Selmer-Olsen og allsang i kyrkja som var staden for *Salmeboka minutt-for-minutt* på NRK.



**Sundag 12. april**
Kl. 11.00 Delagatane til Kyrkjemøtet er med på gudstenester i Nidarosdomen, Bakke kyrkje og Lademoen kyrkje.

**Mandag 13. april**
Kl. 15.00 - 17.00 Kyrkjemøtet sitt hovudtema. *Det gode livet,* Kyrkje - helse og livsmeistring. Innleiingar ved:



***Gunnar Bovim,*** rektor NTNU
*– Skal kyrkja fortsatt bidra til livsmeistring og helse?*



***Ingunn Moser,***
rektor Diakonhjemmet
*– Utfordringar for diakonifagleg utdanning i vår tid*



***Astrid Sandsmark,*** universitets-lektor ved Menighetsfakultetet
*- Kyrkjelydanes rolle i lokalsamfunnet med tanke på helse og livsmeistring.*

**Onsdag 15. april**
Kl. 08.30 Gudsteneste i Vår Frue kyrkje

# Litt om nokre av sakene på Kyrkjemøtet 2015:

Sjå saksdokumenta på nettet www.kirken.no/km2015

**Sak KM 04/15**
**Den norske kyrkja sitt grunnlag**

Kyrkjemøtet i 2011 meinte at Den norske kyrkja sitt læregrunnlag skal ha rettsleg forankring i vedtak fatta av Kyrkjemøtet. Det er tale om eit dokument som blir Den norske kyrkja si forfatning og øvste regelverk. Forfatninga skal innehalde dei viktigaste styrande elementa i for kyrkjeordninga.

Saka som er lagt fram for Kyrkjemøtet i 2015, beskriv kyrkja sitt læregrunnlag, kyrkja sitt oppdrag, kyrkja si sjølvforståing, medlemskap og dåp, kyrkja som demokratisk oppbygd organisasjon, verdien av prestetenesta, andre vigsla tenester og tilsynstenesta.

Kyrkjemøtet sa i 2014 at forfatninga "Den norske kyrkja sitt grunnlag" bør vedtakast saman med den øvrige kyrkjeordninga. Når det kan skje, heng saman med kva tid Stortinget gjer vedtak om ei kortfatta rammelovgjeving om Den norske kyrkja. Grunnen for at denne saka kjem opp til brei drøfting på Kyrkjemøtet 2015, er at Kyrkjemøtet kan gje signal om retninga for det vidare arbeidet med saka. Saksframstillinga reflekterer kring kva som kan vere dei viktigaste elementa i dei framtidige ordningane for kyrkja.

Det er lagt opp til at eit framtidig kyrkjemøtevedtak i denne saka må skje med kvalifisert fleirtal. I andre saker der Kyrkjemøtet gjer vedtak om kyrkjeordninga, er det tilstrekkeleg med alminneleg fleirtal.

**KM 06/15**
**Vigsling og liturgisk drakt for kantor**

Skal ordninga med å vigsla kantorane vere obligatorisk eller ei frivillig ordning? Det spørsmålet har det vore usemje om i kyrkja. Kyrkjemøtet 2015 freistar å kome til ein konklusjon. Kantorens

liturgiske drakt er ein del av saka. Det er foreslått at skråstilt stola skal vere vigslingsteiknet for kantoren.

Ei høyring i regi av Kyrkjerådet hausten 2014 synte eit klårt fleirtal for å vidareføre den ordninga som gjeld i dag, med vigsling til kantorteneste i Den norske kyrkja. I høyringa ba fleire høyringsinstansar om fleksibilitet og pragmatisme i handhevinga av ordninga.
Saka blei sendt til Bispemøtet i oktober 2014 for læremessig utsegn. I Bispemøtet sitt vedtak (oktober 2014 - BM 33/14) presiserer Bispemøtet at vedtak om å vidareføre vigslingshandlinga for kantorar må ha til føresetnad at ordninga er obligatorisk og gjeld for alle.

Framlegget til vedtak i denne saka på Kyrkjemøtet er at kantorane i Den norske kyrkja skal vigslast til tenesta si.

**KM 07/15**
**Undervisningstenesta i Den norske kyrkja**

Gjennom Trusopplæringsreforma har undervisningstenesta i Den norske kyrkja blitt vesentleg utbygd dei seinaste ti åra. Det er etablert ei lang rekkje nye undervisningsstillingar i kyrkjelydane. Medarbeidarar med hovudvekt på ulike pedagogiske utdanningar er rekruttert inn i desse stillingane og gjer sitt til at den faglege kompetansen har blitt styrkt i kyrkja.

Men utbygging av kyrkjelege undervisningsstillingar i seinare tid har ikkje ført til vesentleg auke i talet på kateketstillingar. No er mindretalet av dei som er tilsette i kyrkjelege undervisningsstillingar, utdanna kateketar som er vigsla til tenesta.

Kyrkjemøtet 2015 skal handsama undervisningstenesta i Den norske kyrkja. Spørsmål om stillingsstruktur, kompetansekrav, vigsling, gudstenestelege funksjonar og liturgisk drakt har vore utreia i denne prosessen. Dette var òg tema for ei høyring våren 2014.

I framlegget til vedtak er utgangspunktet å gje stillingsstrukturen for dei kyrkjelege undervisningsstillingane (kateket, kyrkjelydspedagog og kyrkjelydsarbeidar) tilstrekkeleg rammeverk og fleksibilitet. Kyrkjerådet tilrår at alle nye kateketar skal vigslast til teneste, og at det blir lagt til rette for at fleire undervisningsmedarbeidarar kan vigslast til kateketteneste.

Som krav til stillinga som kyrkjelydspedagog tilrår ein at det skal krevjast utdanning på bachelornivå med minimum 30 studiepoeng pedagogikk og 30 studiepoeng kristendomskunnskap.

**Sak KM 09/17**
**Kyrkje og helse**

Hovudtemaet for Kyrkjemøtet 2015 er òg ei sak på sakslista. I denne saka er er Kyrkjemøtet invitert til å se nærare på korleis helsespørsmål meir og meir sett preg på mediebilete og politiske debattar. Samstundes løftar saksframstillinga fram det helserelaterte arbeidet i kyrkja.

Gjennom eit stort spekter av diakonale institusjonar, og i arbeidet i kyrkjelydane, vert det utført eit omfattande arbeid innanfor helse og omsorg. Kyrkjemøtet er nå utfordra til å styrkje denne delen av verksemda til kyrkja. Den aktuelle samfunnsmessige konteksten blir løfta fram i saksframstillinga.

Til dømes syner ein til at Samhandlingsreforma og Omsorgsreforma utfordrar kyrkjelydane og dei diakonale institusjonane til ny innsats.

Saksframstillinga har eit eige kapittel om *”Kyrkja i den offentlege debatt om helse”*. Her seier ein at kyrkja kan bidra til at det blir tala sant om livet og om døden i det offentlege rom. Det vert òg advara mot at stereotype oppfatningar av perfekt helse kan føre til ei nedtoning av menneskeverdet til den som ikkje svarar til dette idealet. *”I verste fall kan det grunngi praksisar som inneber eit steg i retning av sorteringssamfunnet sitt menneskesyn”*, heiter det i dokumentet.

I framlegget til vedtak vert norske styresmakter utfordra til å se til at verdiar og etiske spørsmål får auka gjennomslag i helse- og sosialpolitikken. Ved prioriteringar i helsebudsjetta, bed ein styresmaktene vere særleg merksam på menneske i sårbare livssituasjonar og deira rettigheiter.

**Sak KM 14/15**
**Oppretting av samisk kyrkjelyd i sørsamisk språkområde - permanent ordning**

I 2009 blei ein sørsamisk kyrkjelyd oppretta som ei forsøksordning. Kyrkjemøtet er no invitert til å etablere denne kyrkjelyden som ei permanent ordning.

Våren 2012 hadde Nidaros bispedømeråd ei evaluering av forsøksordninga i samarbeid med sørsa-

misk sokneråd. Sørsamisk sokneråd oppsummerte denne evalueringa slik i brev til Nidaros bispedømeråd 14. mai 2012: «*Nidaros bispedømmeråd søker om en permanent ordning med en samisk menighet i sørsamisk område.*»

Kyrkjelyden sitt namn er Saemien Åålmege.

Sørsamisk kyrkjelyd hadde i 2009 120 medlemer, i 2011 289 medlemer og hadde pr. 1. januar 2014, 392 medlemer.

Den sørsamiske kyrkjelyden ligg under tilsynet til Nidaros biskop, men har eit større geografisk område for verksemda si. Det særskilte kyrkjelege tilbodet til sørsamer i og utanfor sørsamisk språkområde skjer ved prest for sørsamer. Ein dagleg leiar for kyrkjelyden (50 % stilling) blei tilsett i 2009.

**Sak KM 15/15 Prinsipp for kyrkjebygg**
**Sak KM 16/15 Reglar for bruk av kyrkjene**

Ei sak om teologiske, historiske og kyrkjerettslege perspektiv på kyrkjebygget. Saks må sjåast i samanhang med sak KM 16/15 Reglar for bruk av kyrkjene.

Sakspapira gjer greie for kvifor kyrkja treng eigne kyrkjebygg. Dei kyrkjerettslege perspektiva på saka handlar mellom anna om begrepet "vigsling" og spørsmål knytte til utleige av kyrkja til andre livssyns- og trussamfunn.

I framlegget til vedtak heiter det mellom anna at kyrkjerommet berre kan leigas ut til seremonier i regi av kristne trussamfunn og at livssynsnøytrale rom ikkje skal inngå som delar av kyrkjerommet i ei vigsla kyrkje.

Revisjonen av reglane for bruk av kyrkjene handlar mykje om auka vektlegging av lokal beslutningsmyndigheit i kyrkja. Det blir lagt opp til at soknerådet får myndigheit til å innføra mellombelse installasjoner i kyrkjerommet. I Bispemøtets fråsegn til regelendringane (sak BM 34/14), blei det streka under at reglane må presisera kva som er meint med omgrepet «*mellombels*».

- Dette kan vere av betydning for ikkje å uthula det regelverket som skal ivareta den gjennomførte liturgiske karakteren i kyrkjeromma, heitte det i Bispemøtets fråsegn.

**KM 18/15 Reglar for bruk av klokkene i kyrkja**

Kyrkjene får frå tid til anna spørsmål om å ringe med kyrkjeklokkene for å markere aksjonar eller støtte demonstrasjonar. Mange er usikre på korleis reglane er for dette.

I reglane for bruk av klokkene i kyrkja heiter det at klokkene skal tene det liturgiske livet i kyrkja. Det inneber at ein er restriktiv i bruk av klokkene til anna føremål. Til revisjonen av reglane er det foreslått eit nytt punkt:

- Ringing med kirkens klokker kan ikke benyttes for å markere deltagelse i aksjoner eller som støtte til demonstrasjoner. Kirkerådet/Bispemøtet kan bestemme at kirkens klokker skal brukes i spesielle situasjoner.

# Delegatane til Kyrkjemøtet 2015, alfabetisk liste

LK = Lek kyrkjeleg tilsett - G = Geistleg - B = Biskop - UKM = Ungdommens kyrkjemøte

| Fornavn | Etternavn | Poststed | Repr. | Bispedømme |
|---|---|---|---|---|
| Anne Brun | Andersen | Kråkerøy | L | Borg |
| Leif Christian | Andersen | Stavanger | L | Stavanger |
| Gunnhild | Andreassen | Kvaløysletta | L | Nord-Hålogaland |
| Jarle-Wilfred | Andreassen | Varangerbotn | L | Nord-Hålogaland |
| May Lisbeth Hovlid | Aurdal | Sykkylven | L | Møre |
| Anne Marie | Bakken | Borkenes | L | Nord-Hålogaland |
| Silje Arnevik | Barkved | | | Stavanger |
| Grete | Barlindhaug | Tromsø | L | Nord-Hålogaland |
| Øivind | Benestad | Kristiansand | L | Agder og Telemark |
| Sigmund Rye | Berg | Stange | L | Hamar |
| Karin-Elin | Berg | Oslo | L | Oslo |
| Kjartan | Bergslid | Levanger | G | Nidaros |
| Erling | Birkedal | Hagan | L | Borg |
| Geir Ivar | Bjerkestrand | Grimstad | LK | Agder og Telemark |
| Ole Kristian | Bonden | Elverum | G | Hamar |
| Berit | Borgersen | | | Tunsberg |
| Einar | Bovim | Ankenesstrand | L | Sør-Hålogaland |
| Ingjerd Sørhaug | Bratsberg | Sande | L | Tunsberg |
| Solveig | Bratseth | | | Nidaros |
| Ivar | Braut | Nesttun | G | Bjørgvin |
| Marianne | Brekken | Elnesvågen | L | Møre |
| Reimar | Brun | Myre | L | Sør-Hålogaland |
| Hilde Bergfjord | Brunvoll | Molde | L | Møre |
| Helga Haugland | Byfuglien | Oslo | B | Preses |
| Robert Mark | Coates | Harøy | LK | Møre |
| Nils | Dagestad | Voss | L | Bjørgvin |
| Per Arne | Dahl | Tønsberg | B | Tunsberg |
| Berit Nøst | Dale | Frekhaug | L | Bjørgvin |
| Anne | Dalheim | Oteren | L | leder SKR |
| Kjellfred | Dekko | Torpo | LK | Tunsberg |
| Kjetil | Drangsholt | Kristiansand | L | Agder og Telemark |
| Mari Haave | Dvergsdal | Tromsø | L | Sør-Hålogaland |
| Gabriel | Eikli | Fannrem | L | Nidaros |
| Nils Mathis Nilsen | Eira | Kautokeino | L | Nord-Hålogaland |
| Gyrid | Espeland | Egersund | L | Stavanger |
| Berit | Espeset | Røyneberg | G | Stavanger |
| Anne Berit | Evang | Oslo | G | Oslo |
| Solveig | Fiske | Hamar | B | Hamar |
| Ole Hermann | Fisknes | | L | Oslo |
| Terje | Fjeldheim | Aksdal | LK | Stavanger |
| Dag Jostein | Fjærvoll | Stokmarknes | L | Sør-Hålogaland |
| Grete | Folden | | | Nidaros |
| Agnes Sofie | Gjeset | Trondheim | L | Nidaros |
| Gunnar | Gjevre | Arneberg | L | Hamar |
| Liv Hjørdis | Glette | Haugesund | L | Stavanger |
| Ingjerd | Grøm | Ankenes | LK | Sør-Hålogaland |
| Cathrine Waaler | Halstensen | Bergen | L | Bjørgvin |
| Bergit | Haugland | Kragerø | L | Agder og Telemark |
| Ingjerd Breian | Hedberg | Barkåker | L | Tunsberg |
| Harald | Hegstad | Oslo | L | Oslo |
| Svein | Helgesen | Bru | L | Stavanger |
| Marit | Hermstad | Sandnessjøen | L | Sør-Hålogaland |
| Trude | Holm | Verdal | L | Nidaros |
| Liv Marie | Hugdal | Åfjord | L | Nidaros |
| Eldar | Husøy | Ulsteinvik | L | Møre |
| Vidar L. | Haanes | | | Menighetsfakultetet |
| Hilde Nygaard | Ihle | Sætre | L | Tunsberg |
| Frøydis | Indgjerdingen | Oslo | L | Borg |
| Målfrid Synnøve | Jakobsen | Oslo | L | Møre |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Martin | Jakobsen | Oslo | L | Agder og Telemark |
| Gudmund | Johnsen | Evenskjer | L | Nord-Hålogaland |
| Hilde-Solveig Trogstad | Johnsen | Drammen | L | Tunsberg |
| Karen | Junker | Arendal | L | Agder og Telemark |
| Nils Enar Bertil | Jønsson | Limingen | L | Nidaros |
| May | Jønsson Botnvik | | | UKM |
| Tor Berger | Jørgensen | Bodø | B | Sør-Hålogaland |
| Sondre | Karstad | Sandefjord | | UKM |
| Ingvild | Kaslegard | Ål | L | Tunsberg |
| Trude S. | Kaspersen | Henningsvær | L | Sør-Hålogaland |
| Anja | Kile Holtermann | | | UKM |
| Anne Gangnes | Kleiven | Rømskog | L | Borg |
| Oddhild | Klevberg | Alta | LK | Nord-Hålogaland |
| Toril | Kristiansen | Bybrua | L | Hamar |
| Aud | Kvalbein | Oslo | L | Oslo |
| Dag | Landmark | Gjøvik | LK | Hamar |
| Sølvi Kristin | Lewin | Ramnes | G | Tunsberg |
| Svein Arne | Lindø | Hommersåk | L | Stavanger |
| Ingemar | Ljones | Arnatveit | L | Bjørgvin |
| Atle Olav | Ljåstad | Hønefoss | L | Tunsberg |
| Geir | Ludvigsen | Tromsø | L | Nord-Hålogaland |
| Knut | Lundby | Snarøya | L | Oslo |
| Ola Torgeir | Lånke | Rennebu | L | Nidaros |
| Berit Elisabeth | Meiningen | Lora | L | Hamar |
| Bård | Meland | | | Misjonshøgskolen |
| Ingeborg | Midttømme | Oslo | B | Møre |
| Mareno | Mikkelsen | Drag | L, | Sør-Hålogaland |
| Egil | Morland | Kolltveit | L | Bjørgvin |
| Kari Synnøve | Muri | Olden | L | Bjørgvin |
| Jofrid Trandem | Myhre | Moss | L | Borg |
| Olav | Myklebust | | L | Møre |
| Arne | Myskja | | L | Stavanger |
| Bård | Mæland | | | MHS |
| Steinar | Nilsen | Arendal | G | Agder og Telemark |
| Helge | Nilsen | Åfjord | LK | Nidaros |
| Inger Helene Thingvold | Nordeide | Førde | L | Bjørgvin |
| Halvor | Nordhaug | Bergen | B | Bjørgvin |
| Arnt Erik | Nordheim | | | Bjørgvin |
| Tanja | Nyjordet | Mo i Rana | L | Sør-Hålogaland |
| Jan Olav | Olsen | Sundebru | L | Agder og Telemark |
| Anne-Lise Brenna | Ording | Kongsvinger | L | Hamar |
| Per Eilert | Orten | Aure | G | Møre |
| Elin | Oveland | Heggedal | LK | Oslo |
| Erling Johan | Pettersen | Stavanger | B | Stavanger |
| Stein | Reinertsen | Kristiansand | B | Agder og Telemark |
| Arne Leon | Risholm | Grålum | G | Borg |
| Kristin Gunleiksrud | Raaum | Asker | L | Oslo |
| Knut Rune | Saltnes | Sandefjord | | Døvekirken |
| Hans Ove | Samuelsen | Lyngseidet | L | Nord-Hålogaland |
| Kristine | Sandmæl | Kabelvåg | G | Sør-Hålogaland |
| Tor | Singsaas | Trondheim | B | Nidaros |
| Sigurd | Skollevoll | Silsand | G | Nord-Hålogaland |
| Bjørn | Solberg | Mysen | L | Borg |
| Atle | Sommerfeldt | Fredrikstad | B | Borg |
| Tone Synnøve Øygard | Steinkopf | Stanghelle | LK | Bjørgvin |
| Ann-Kristin | Sørvik | Averøy | L | Møre |
| Rønnaug | Torvik | | | Agder og Telemark |
| Aud Valborg | Tønnessen | | | TF |
| Kristin | Walstad | Oslo | L | Oslo |
| Kjell Rune | Wirgenes | Larvik | L | Tunsberg |
| Einar | Østerhagen | | | UKM |
| Olav | Øygard | Tromsø | B | Nord-Hålogaland |
| Reidar | Åsgård | Engerdal | L | Hamar |

# Delegatane fordelte på kyrkjemøtekomiteane

LK = Lek kyrkjeleg tilsett
G = Geistleg
B = Biskop
UKM = Ungdommens kyrkjemøte

## **KOMITE A** - Gudstjeneste og evangelisering

*KM 05/15 Litugisk musikk*
*KM 06/15 Vigsling av kantor*

Komiteleder: Karin-Elin Berg, Oslo

Anne Brun Andersen, Borg
Gunnhild Andreassen, Nord-Hålogaland
Sigmund Rye Berg, Hamar
Geir Ivar Bjerkestrand (LK), Agder og Telemark
Ivar Braut (G), Bjørgvin
Hilde B. Brunvoll, Møre
Mari Haave Dvergsdal, Sør-Hålogaland
Nils Mattis Eira, Nord-Hålogaland
Gyrid Espeland, Stavanger
Svein Helgesen, Stavanger
Eldar Husøy, Møre
Tor B. Jørgensen (B), Sør-Hålogaland
Sølvi Kristin Lewin (G), Tunsberg
Egil Morland, Bjørgvin
Helge Nilsen (LK), Nidaros
Anne-Lise Brenna Ording, Hamar
Elin Oveland (LK), Oslo
Tor Singsaas (B), Nidaros

## **KOMITÉ B** - Undervisning

*KM 07/15 Undervisningstjenesten*
*KM 08/15 Statsbudsjettet 2016*

Komiteleder: Ole Kristian Bonden (G), Hamar

Øivind Benestad, Agder og Telemark
Erling Birkedal, Borg
Per Arne Dahl (B), Tunsberg
Agnes Sofie Gjeset, Nidaros
Liv Hjørdis Glette, Stavanger
Ingjerd Grøm (LK), Sør-Hålogaland
Trude Holm, Nidaros
Anja Kile Holtermann, UKM
Martin Jakobsen, Agder og Telemark
Gudmund Johnsen, samisk representant
Anne Gangnes Kleiven, Borg
Atle Olav Ljåstad, Tunsberg
Inger Helene Thingvoll Nordeide, Bjørgvin
Tanja Nyjordet, Sør-Hålogaland
Stein Reinertsen (B), Agder og Telemark
Kristin Gunleiksrud Raaum, Oslo
Hans Ove Samuelsen, Nord-Hålogaland
Ann Kristin Sørvik, Møre
Kjell Rune Wirgenes, Tunsberg

## **KOMITÉ C** – Diakoni og samfunnsspørsmål

*KM 09/15 Kirke-helse*

Komiteleder: Marianne H. Brekken, Møre

Leif Christian Andersen, Stavanger
Reimar Brun, Sør-Hålogaland
Robert Mark Coates (LK), Møre
Nils Dagestad, Bjørgvin
Anne Dalheim, Samisk kirkeråd
Gabriel Eikli, Nidaros
Berit Espeseth (G), Stavanger
Gunnar Gjevre, Hamar
Bergit Haugland, Agder og Telemark
Ingjerd Hedberg, Tunsberg
Sondre Karstad, UKM
Ingvild Kaslegard, Tunsberg
Aud Kvalbein, Oslo
Geir Ludvigsen, Nord-Hålogaland
Mareno Mikkelsen, Samisk representant
Kari Muri, Bjørgvin
Jan Olav Olsen, Agder og Telemark
Knut Rune Saltnes, Oslo
Kristine Sandmæl (G), Sør-Hålogaland
Atle Sommerfeldt (B), Borg
Olav Øygard, (B) Nord-Hålogaland

## **KOMITÉ D** - Kirkeordningsspørsmål

*KM 04/15 Kirkens grunnlag*
*KM 10/15 Staten og Den norske kirke*
*- et tydelig skille*
*KM 11/15 Det fremtidige behovet for lovgivning*
*om Den norske kirke*

Komiteleder: Karen Junker, Agder og Telemark

Olav Myklebust, Møre
Jarle-Wilfred Andreassen, Nord-Hålogaland
Helga Haugland Byfuglien (B), preses
Kjellfred Dekko (LK), Tunsberg
Anne Berit Evang (G), Oslo
Harald Hegstad, Oslo
Marit Hermstad, Sør-Hålogaland
Liv Hugdal, Nidaros
Dag Landmark (LK), Hamar
Svein Arne Lindø, Stavanger
Ola T. Lånke, Nidaros
Halvor Nordhaug (B), Bjørgvin
Arnt Erik Nordheim, Bjørgvin
Sigurd Skollevoll (G), Nord-Hålogaland

Bjørn Solberg, Borg
Arne Myskja, Stavanger
Jofrid Trandem Myhre, Borg
Aud Valborg Tønnessen, TF
Einar Østerhagen, UKM
Reidar Åsgård, Hamar

## **KOMITÉ E** – Personal og utdanning

*KM 15/15 Prinsipper for kirkebygg*
*KM 16/15 Regler for bruk av kirken*
*KM 17/15 Regler for liturgisk inventar*

Komiteleder: Arne Leon Risholm, Borg

Anne Mari Bakken, Nord-Hålogaland
Silje Arnevik Barkved, Stavanger
May Bente Anita Jønsson Botnvik, UKM
Einar Bovim, Sør-Hålogaland
Ingjerd Sørhaug Bratsberg, Tunsberg
Solveig Bratseth, Nidaros,
Solveig Fiske (B), Hamar
Ole Hermann Fisknes, Oslo
Dag Jostein Fjærvoll, Sør-Hålogaland
Cathrine Halstensen, Bjørgvin
Vidar L. Haanes, MF
Bertil Jønsson, Samisk representant
Knut Lundby, Oslo
Berit Meiningen, Hamar
Ingeborg Midttømme (B), Møre
Ida Marie Nielsen, Borg
Steinar Nilsen (G), Agder og Telemark
Per Eilert Orten (G), Møre
Tone Synnøve Ø. Steinkopf (LK), Bjørgvin
Rønnaug Torvik, Agder og Telemark

## **KOMITÉ F** – Informasjon og mellomkirkelige spørsmål

*KM 12/15 Mindre endringer i forretningsorden*
*KM 13/15 Døvemenighetene*
*KM 14/15 Samisk menighet*

Komiteleder: Oddhild Klevberg (LK), Nord-Hålogaland

May Lisbeth Aurdal, Møre
Kjartan Bergslid (G), Nidaros
Roald Braathen, Hamar
Berit Nøst Dale, Bjørgvin
Kjetil Drangsholt, Agder og Telemark
Grete Folden, Nidaros
Grete Barlindhaug, Nord-Hålogaland
Hilde Nygård Ihle, Tunsberg
Frøydis Indgjerdingen, Borg
Målfrid Synnøve Jakobsen, Møre
Hilde-Solveig Trogstad Johnsen, Tunsberg
Trude S. Kaspersen, Sør-Hålogaland
Torhild Kristiansen, Hamar
Ole Christian Kvarme (B), Oslo
Arne Mossige (LK), Stavanger
Bård Mæland, Misjonshøgskolen
Erling Pettersen (B), Stavanger
Kristin Walstad, Oslo

# Litt bakgrunn om Kyrkjemøtet

Kyrkjemøtet er oppretta ved lov av 8. juni 1984 som eit øvste representativt organ i Den norske kyrkja.

Kyrkjemøtet består av medlemene i bispedømeråda, og har 116 medlemer.

**Kyrkjemøtet 2012-2015 består av**

- 55 leke medlemer som blei valde ved *direkte* val
- 22 leke medlemer som blei valde ved *indirekte* val (dvs. at medlemene i sokneråda i det aktuelle bispedømet hadde røysterett.)
- 22 representantar for prestar og leke kyrkjeleg tilsette (valde av høvesvis prestane i bispedømet og dei leke kyrkjeleg tilsette i bispedømet)
- 12 biskopar
- 3 samiske representantar. (Ein nordsamisk representant i Nord-Hålogaland bispedømeråd, ein lulesamisk representant i Sør-Hålogaland bispedømeråd og ein sørsamisk representant i Nidaros bispedømeråd).
- 1 representant frå Døvekyrkja (i Oslo bispedømeråd).
- 1 leiar i Samisk kyrkjeråd.

Leiar av Mellomkyrkjeleg råd, representantar frå dei tre teologiske fakultetane og 4 representantar frå Ungdommens kyrkjemøte har plass på Kyrkjemøtet med tale- og forslagsrett.

Ordinært er Kyrkjemøtet samla til møte èin gong i året. Som oftast finn Kyrkjemøtet stad i april.

Kyrkjemøtet vel eit Kyrkjeråd, som har ansvaret for det førebuande og iverksetjande arbeidet og dessutan leier arbeidet mellom Kyrkjemøtet sine samlingar.

Føresegner om Kyrkjemøtet finn ein i kyrkjelova. Det generelle oppdraget er omtalt slik:

*Kirkemøtet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på saker av felles kirkelig karakter og ellers på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet innen Den norske kirke. Kirkemøtet skal verne og fremme samisk kirkeliv og ivareta den norske kirkes internasjonale og økumeniske oppgaver* (kl § 24).

Kyrkjemøtet har vidare ei rekkje oppgåver nemnde i kyrkjelova § 24.
Kirkemøtet:

a) gir uttalelse i saker om viktige endringer i lover på det kirkelige område,
b) fastsetter retningsgivende planer og programmer for den kirkelige undervisning, diakoni, kirkemusikk og for økumenisk virksomhet,
c) fastsetter kvalifikasjonskrav og tjenesteordning for særskilte stillinger innen kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk. For stillingstyper som også omfatter statlige stillinger, trengs godkjenning av departementet,
d) gir regler om kirkens inventar og utstyr,
e) foreslår retningslinjer for kirkelig inndeling.

Desse instansane kan melde saker til handsaming av Kyrkjemøtet:

Regjeringa, Kyrkjedepartementet, Kyrkjerådet, bispedømeråda, medlemer av Kyrkjemøtet, Bispemøtet, Ungdommens kyrkjemøte.

# Kirkemøtets medlemmer 2012 - 2015

| | Lekfolkrepresentanter, valgt enten direkte av kirkemedlemmene, eller av medlemmene i menighetsrådene | Leke kirkelig tilsattes representant | Prestenes representant | Biskopen |
|---|---|---|---|---|
| **Oslo** | Fredrik Arstad, Karin-Elin Berg, Marius Berge Eide, Kristin Gunleiksrud Raaum, Harald Hegstad, Aud Kvalbein, Knut Lundby | Elin Oveland | Anne Berit Løvstad Evang | Ole Chr. M. Kvarme |
| **Borg** | Anne Brun Andersen, Erling Birkedal, Frøydis Indgjerdingen, Anne Gangnes Kleiven, Jofrid Trandem Myhre, Bjørn Solberg, Ida Marie Nielsen | Runar Godø | Arne Leon Risholm | Atle Sommerfeldt |
| **Hamar** | Sigmund Rye Berg, Roald Braathen, Gunnar Gjevre, Ingrun Jule, Toril Kristiansen, Anne-Lise B. Ording, Reidar Åsgård | Dag Landmark | Ole Kristian Bonden | Solveig Fiske |
| **Tunsberg** | Ingjerd S. Bratsberg, Merethe Kjønnø Dahl, Ingjerd B. Hedberg, Hilde Nygaard Ihle, Hilde-Solveig T. Johnsen, Ingvild Kaslegard, Kjell Rune Wirgenes | Kjellfred Dekko | Sølvi Kristin Lewin | Per Arne Dahl |
| **Agder og Telemark** | Øyvind Bård Benestad, Kjetil Drangsholt, Bergit Haugland, Martin Jakobsen, Karen Junker, Rønnaug Torvik, Jan Olav Olsen | Geir Ivar Bjerkestrand | Steinar Nilsen | Stein Reinertsen |
| **Stavanger** | Leif Chr. Andersen, Silje Arnevik Barkved, Gyrid Espeland, Liv Hjørdis Glette, Marie K. Grastveit, Svein Arne Lindø, Tor Soppeland | Arne Sigurd Mossige | Berit Magnhild Espeset | Erling J. Pettersen |
| **Bjørgvin** | Nils Dagestad, Berit Nøst Dale, Cathrine Halstensen, Egil Morland, Kari Synnøve Muri, Inger Helene T. Nordeide, Julie-Ane Ødegaard | Tone Synnøve Ø. Steinkopf | Ivar Braut | Halvor Nordhaug |
| **Møre** | Moduf Aukan, May Lisbeth H. Aurdal, Mariann H. Brekken, Hilde B. Brunvoll, Eldar Husøy, Målfrid Synnøve Jakobsen, Ann-Kristin Sørvik | Robert Coates | Per Eilert Orten | Ingeborg Midttømme |
| **Nidaros** | Solveig K. Bratseth, Gabriel Eikli, Grete Folden, Agnes Sofie Gjeset, Trude Holm, Ola Torgeir Lånke, Liv Marie Hugdal | Helge Nilsen | Kjartan Bergslid | Tor Singsaas |
| **Sør-Hålogaland** | Einar Bovim, Reimar Brun, Mari Haave Dvergsdal, Dag Jostein Fjærvoll, Marit Hermstad, Trude S. Kaspersen, Tanja Nyjordet | Ingjerd Grøm | Kristine Sandmæl | Tor Berger Jørgensen |
| **Nord-Hålogaland** | Gunnhild M. Andreassen, Jarle-Wilfred Andreassen, Anne Marie Bakken, Nils Mathis Nilsen Eira, Mette-Marit S. Granerud, Geir Ludvigsen, Hans Ove Samuelsen | Oddhild Klevberg | Sigurd Skollevoll | Olav Øygard |

## Døvekirk. repr.

Knut Rune Saltnes

## Samisk representant

Nils Enar Bertil Jønsson, Mareno Mikkelsen, Gudmund Johnsen

Bispedømmerådene består av:
- biskopen,
- en prest valgt av prestene i bispedømmet,
- en lek kirkelig tilsatt valgt av leke kirkelig tilsatte i bispedømmet og syv andre lekfolk-representanter,
- en nordsamisk representant i Nord-Hålogaland bispedømmeråd,
- en lulesamisk representant i Sør-Hålogaland bispedømmeråd,
- en sørsamisk representant i Nidaros bispedømmeråd,
- en representant fra døvemenighetene i Oslo bispedømmeråd.

Helga Haugland Byfuglien, preses i Bispemøtet

Anne Dalheim, leder av Samisk kirkeråd